



Gloppen kommune

Rådmannen

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Jan Tore Rosenlund

Ikkje offentleg e-post

Offl. § 23 første ledd

Vår ref. (oppgjje ved svar)

19/11330

Dykkar ref.

Dato

02.09.2019

Oppfølging av rapporten om Trivselshagen - innspel til møte

Eg viser til eigarmøtet på Skei den 15. august.

Her er første innspel frå Gloppen kommune til drøftingar i saka:

Økonomi

Økonomien i saka er sjølvstøtt eit hovudpunkt både for fylkeskommunen og kommunen. I tillegg til å sjå på fordeling av utgifter og inntekter, må vi også sjå på om vi gjere samarbeidet billigare og meir effektivt enn i dag. Det må ligge i botnen. For kommunen sin del er det då viktig m.a. å redusere fakturerte lønnskostnader så mykje som råd, sidan desse blir fakturerte med moms, og vi ikkje får fullt momsfrådrag.

Fordeling av utgifter med bakgrunn i eigarskap

Gloppen kommune meiner kapitalkostnadene og kostnadene med drift av sjølve samarbeidet skal delast etter eigarskap (50/50), ikkje etter bruk som i dag. For å kunne gjennomføre dette, må vi finne ut kva selskapskostnadene er. Kapitalkostnadene reknar eg med kan lesast rett ut av budsjettet/rekneskapen.

Eg gjer framlegg om at vår økonomisjef, saman med ein tilsvarande frå fylkeskommunen og dagleg leiar i IKS-et går gjennom økonomien i selskapet og finn ut kva som er selskaps-/samarbeidskostnader slik at vi er samde om storleiken på desse. Rekneskapen må då sjølvstøtt heretter førast slik at desse kostnadene tydeleg kjem fram.

Fordeling av utgifter med bakgrunn i bruk

Anlegget har no vore i bruk i over 10 år, og vi har godt grunnlag for å sjå på kor godt faktisk bruk stemmer med det som ligg til grunn for dagens kostnadsfordeling.

Eg gjer framlegg om at rektor på Firda – eller den/dei han peikar ut – saman med kommunen sine to einingsleiarar (for kulturhuset og idrettsdelen), saman med dagleg leiar i IKS-et går gjennom bruken og blir samde om korleis denne faktisk er. I dette ligg sjølvstøtt også å vurdere fellesareala.

Samanheng mellom inntekter og utgifter

Gloppen kommune er naturlegvis samd i at inntektene skal følgje utgiftene. Vi må derfor gå gjennom dagens opplegg og sjå på det som bryt med dette prinsippet. Her tenkjer eg i utgangspunktet same gruppa som ovanfor, men stiller spørsmål ved om det er nødvendig at dagleg leiar i IKS-et er med.

Adresse

Grandavegen 9, 6823 Sandane

Telefon

57 88 38 00

Org.nr

964 969 124

E-post

post@gloppen.kommune.no

Internett

www.gloppen.kommune.no

Det er kommunen sitt innspel at vi tar over arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette som har publikumsretta oppgåver. Dette er først og fremst badevaktene. I møte med IKS-et har dagleg leiar tydeleg gjeve melding om at ho då ikkje vil ha ansvaret for badeanlegget. I praksis betyr dette at kommunen også tar over arbeidsgjevaransvaret for driftsoperatøren/ane. Det vil sjølv sagt vere ein fordel for kommunen å ha denne driftskompetansen. Vi har to andre symjebasseng i drift.

IKS-et og kommunen

Det er ei stor utfordring for kommunen – og eg vil tru også for fylkeskommunen – at ingen av dei tilsette i IKS-et er *brukarar* av anlegget. Vi bør derfor drøfte om kommunen og/eller fylkeskommunen kan ta over fleire av dei tilsette i IKS-et, slik at desse blir brukarstyrte, ikkje selskapsstyrte. Eg vil tru at dette kan gje billigare og meir effektiv drift, fordi vi då kan sjå drifta av anlegget i samanheng med eiga drift.

Kort oppsummert her, er det kommunen sitt syn at vi og fylkeskommunen bør ta over så mykje som råd av driftsoppgåvene. Dette er eitt av fire hovudpunkt i rapporten frå Vidsyn as, og eg viser til det rapporten seier om fordelane med ei overtaking.

Eigarmodell

Kommunen sitt primærsyn her er det som rapporten frå Vidsyn as konkluderer med.

[Redacted] Sjølv om fylkeskommunen seier at de ikkje opplever at det er noko problem, er dette er eit treparts-samarbeid, der alle partar må samarbeide godt. Det er ikkje nok at to av partane gjer det.

I tillegg må styringa av IKS-et endrast. Vi kan ikkje ha IKS-organ der vi som eigarar stemmer kvarandre ned med leiar si dobbeltrøyst.

Sjølv om kommunen sitt primærsyn er ei vidareføring av IKS-et, meiner vi det er naturleg å sjå på andre måtar å samarbeide på – utan å løyse opp felles eigarskap til anlegget. Eg forstod siste eigarmøtet på Skei at heller ikkje fylkeskommunen ønskjer ei slik oppløysing.

Til slutt i denne omgang

Gloppen kommune har vore pådrivaren for å bygge Trivselshagen. Eit hovudargument har vore – og er sjølv sagt framleis – å skaffe gode og framtidretta lokale til Firda vidaregåande skule. Det er leitt – viss det inntrykket har festa seg – at kommunen «utnyttar» fylkeskommunen økonomisk gjennom drifta av Trivselshagen. Det er vi sjølv sagt ikkje interesserte i.

Det er viktig for kommunen at Firda vgs. har stabile og føreseielege rammer, både når det gjeld lokale og økonomi. Samstundes håpar eg at fylkeskommunen er klar over at Trivselshagen er den viktigaste attraksjonen Gloppen har i si marknadsføring i rekrutterings- og tilflyttingsarbeidet. Derfor er styringa og samarbeidsforholda av anlegget truleg viktigare for kommunen enn for fylkeskommunen.

I den grad langsiktige avtalar vil gje stabile og føreseielege rammer for Firda vgs., er vi sjølv sagt dei første til å inngå slike, både med fylkeskommunen og IKS-et som avtalepart. Eg trur likevel vi må legge oss på ei anna form for avtalar enn dei utkasta som IKS-et så langt har jobba med. Eg vil gjerne drøfte dette med fylkeskommunen.

Til drøftingane tar eg med med fung. kultursjef Kjersti Rønningen og oppvekstsjef Per Arne Strand. Eg ønskjer også at Trond Ueland, som styreleiar i IKS-et, blir med – i alle fall på det første møtet. Vi tilpassar oss møtetid og –stad slik det høver for fylkeskommunen.

Vennleg helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
Tlf. 476 21 981

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Kjersti Rønningen
Ola Tarjei Kroken
Per Arne Strand
Styreleiar i Trivselshagen IKS
Øystein Sundal